



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 23.05.2018  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.30 - 11.20

Møtet vart styrt av varaordfører Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 15.05.18 og møtet var kunngjort i pressa 09.05.18.

I starten av møtet presenterte plansakansvarleg Alexander Helle utkast for vegløyving av planområdet områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy.

Formannskapet hadde pause frå kl. 11:00 – 11:10.

Av 7 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sakene 39 – 48.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Varaordfører
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Varamedlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Øyvind H. Oddekalv	AP

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Martin W. Kulild og personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen.

Protokollfører: Randi Hilland

24.05.2018

Nils Marton Aadland  
varaordfører

Randi Hilland  
konsulent

## Sakliste

Saknr	Tittel
39/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
40/2018	Godkjenning av møtebok
41/2018	Referatsaker
42/2018	Aktuelle saker
43/2018	Orientering av rådmannen
44/2018	Orientering om status Alver kommune
45/2018	Utvida leigetider Meland Aktiv, gymnastikklokale Sagstad skule. Budsjettmessige konsekvensar.
46/2018	Konseptstudie - utviding av IKT-samarbeidet
47/2018	Godkjenning av A-rundskriv A1/2018 - Tariffrevisjonen per 01.05.18
48/2018	TV-aksjonen 2018 - Oppretting av kommunekomité

## **39/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**23.05.2018 FORMANNSKAPET**

### **FS - 39/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **40/2018: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå møte 25.04.18 vert godkjent.

**23.05.2018 FORMANNSKAPET**

### **FS - 40/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte 25.04.18 vert godkjent.

---

## **41/2018: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

**23.05.2018 FORMANNSKAPET**

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

### **FS - 41/2018 VEDTAK:**

---

## **42/2018: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

**23.05.2018 FORMANNSKAPET**

Sølvi Knudsen refererte oppslag i avisa "Strilen" om skogshogst og forsvunne boks med elvemusling på Mjåtveit.

Ordfører og varaordfører har hatt møte med Statens Vegvesen og dei er skeptiske til at det vert sett i gang store utbyggingsprosjekt, nye bustadfelt før veg i aktuelt område er ferdig. Dette gjeld mot nord og aust.

Etter møteslutt informerte skog- og miljøkonsulent Marius F. Knudsen at kommunen har vore i kontakt med grunneigar og dei som har gjort jobben for han.

Har gitt tilbakemelding på nokre punkt som kommunen ikkje er nøgd med til grunneigar og dei som har utført jobben.

**FS - 42/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

---

**43/2018: Orientering av rådmannen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

**23.05.2018 FORMANNSKAPET**

Det vart orientert om følgjande:

På Instagram har Multiconsult i samarbeid med kommunen ei lenke der dei presenterer idéar "Frekhaug fram i tid".

Det har vore stilt spørsmål om det er mogeleg å bygge i enkelte område frå Holme og nordover. Svar frå teknisk avd. er at ein ikkje treng søkje dispensasjon for enkelthus dersom det er med i kommuneplanen. Kommunen er positiv til slik bygging.

På neste møte i formannskapet kjem det opp sak om rullering av økonomiplan. Utfordrande oppgåve grunna låg folkevekst og store investeringar fram i tid som skal finansierast.

Lav folkevekst gir økonomiske konsekvensar, går m.a. glipp av vekstkommunetilskotet.

Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet:

Avvik nr. 1 og 2 er lukka, avvik nr 3 vert lukka når vi er i Alver kommune

Sigmund Larsen:

- Status overvatn Holtermandsvegen.  
Er i prosess - kjem tilbake med informasjon.

**FS - 43/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

---

**44/2018: Orientering om status Alver kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

### **23.05.2018 FORMANNSKAPET**

Rådmannen orienterte:

- I gang med interne prosessar - møte seinare i dag med alle hovudtillitsvalde
- Er i rute med tilsetjing av nivå 2 - der 18 stillingar skal bemannast
- Kommunikasjonsstragi skal opp i Fellesnemnda 4. juni
- Usikkerheit om ressursbehovet til IKT og arkiv

#### **FS - 44/2018 SAMRØYSTESVEDTAK:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

---

### **45/2018: Utvida leigetider Meland Aktiv, gymnastikklokale Sagstad skule. Budsjettmessige konsekvensar.**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret tek saka til orientering når det gjeld drifta i 2018. Endeleg avklaring på årleg utvida leige av lokale i Meland Aktiv vert å drøfte i økonomiplanen 2019 – 2022.»

### **23.05.2018 FORMANNSKAPET**

#### **FS - 45/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret tek saka til orientering når det gjeld drifta i 2018. Endeleg avklaring på årleg utvida leige av lokale i Meland Aktiv vert å drøfte i økonomiplanen 2019 – 2022.

---

### **46/2018: Konseptstudie - utviding av IKT-samarbeidet**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Meland kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Meland kommune positiv til det.

### **23.05.2018 FORMANNSKAPET**

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak fekk 6 røyster for (2 AP, 1 H, 1 SP, 1 KrF, 1 V), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.**

**FS - 46/2018 VEDTAK (MOT 1 RØYST):**

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Meland kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Meland kommune positiv til det.

---

**47/2018: Godkjenning av A-rundskriv A1/2018 - Tariffrevisjonen per 01.05.18**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Meland røyster JA ved uravrøystinga over framlegg til ny HTA per 01.05.18.

**23.05.2018 FORMANNSKAPET**

**FS - 47/2018 VEDTAK:**

Formannskapet i Meland røyster JA ved uravrøystinga over framlegg til ny HTA per 01.05.18.

---

**48/2018: TV-aksjonen 2018 - Oppretting av kommunekomit **

**Rådmannen sitt framlegg:**

**23.05.2018 FORMANNSKAPET**

**Framlegg til vedtak i m tet:**

Utval for levek r vert kommunekomit  for TV-aksjonen 2018.

F lgjande personar er med i komit en:

S lvi Knudsen

Stian Lavik

Kjersti Vikeb  Nesse

Tom Inge Karlsen

Thomas H. Wallem

 ystein Blom

 rjan Kristiansen

Beate Eknes

Leif Johnsen

Administrasjonen i Meland kommune er sekretariat.

Kommunestyrerepresentantane vert oppmoda om vere b sseb rarar.

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS - 48/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Utval for levekår vert kommunekomit  for TV-aksjonen 2018.

F lgjande personar er med i komit en:

S lvi Knudsen  
Stian Lavik  
Kjersti Vikeb  Nesse  
Tom Inge Karlsen  
Thomas H. Wallem  
 ystein Blom  
 rjan Kristiansen  
Beate Eknes  
Leif Johnsen

Administrasjonen i Meland kommune er sekretariat.

Kommunestyrerepresentantane vert oppmoda om vere b sseb rarar.

---